

Ei veke til og fyrsteslåtten er unnagjort.

03.06.2018



Haugland Maskin rakar graset saman på Neset og gjer klart for pressing.

**Innan ei veke skal Stian Haugland i Haugland Maskin vera klar med det han har lova og som er tinga av slåing, raking og pressing. Då har han mellom anna vore i bygdene Uskedalen, Husnes, Rosendal, Herøysundet og Åkra. Totalt vert det pressa rundt rekna 2500 ballar berre i Uskedalen. Stian Haugland har ikkje lagt inn farga ballar i slåttepakken i år. Årsaka finn du om du les meir.**

Det som mange bønder brukte fire veker på før med slåtten er gjort unna på ein dag. Graset vert slege ein dag, raka og lagt i rankar og så pressa. Stian brukar faguttrykket å ranka graset. Lokalt i Uskedalen vart det sagt å leggja graset i drillar. Nokre bønder har slåmaskin og gjer denne jobben sjølv. Andre leiger maskinkraft til alt arbeidet. Far hans, Arne Johannes, og broren, Tor Ove Haugland er med på arbeidet. Alle gjer alt, men det vert ofte til at Stian sjølv tek sjølv pressinga.

I Uskedalen er det berre to slåtteeentreprenørar som har komplett utstyr for grasberging. Det er Kjetil Fossheim og Haugland Maskin. Det var fleire før som hadde utstyr, men kostbare maskinar med service og vedlikehald, gjer at mange kjøper denne tenesta i dag.



Slåtten er i full gang på Eik.

Så var det dette med farga ballar. Fargen i år er gul og saka er innsamling til barnekreft. Det har derimot vore fleire oppslag på at graset i farga ballar hadde ein tendens til å mygla. Stian Haugland har ikkje prov på eller fått merknader på at det har skjedd i Uskedalen, men ut frå ei total vurdering vart det ikkje til at Haugland Maskin tok inn farga plastrullar i år.

Av total arbeidsmengd så langt er Haugland Maskin ferdig med 1/3 av fyrsteslåtten. Ei veke til i dette veret, med arbeid til seint på kveld, skal mykje vera gjort, for denne gong.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Øystein Enæs/ Kristian Bringedal



Svein Ottar Rørheim i Holmen starta slåtten tidleg i veka som var.